



Industri- og Næringspartiet (INP)

Program Sveio kommune 2023

Hovudpunkt for Sveio Kommune

A - Industri og Næring

- Tilrettelegga for ny og eksisterande industri og næring i kommunen, og med dette styrke talet på arbeidsplasser i privat sektor.
- Tilrettelegga for mikrokraftverk.
- Inga støtte til utbygging av vindturbinar i Sveio.
- Styrka og tilrettelegga for turisme og reiseliv.
- Styrka bonden og legga til rette for vekst og utvikling innanfor landbruket. Positive til tilleggsæring.
- Fremma utvikling av ein motorpark.
- Styrka lokal fiskeriindustri.
- Legga til rette for lokalt produsert mat og varer.
- Oppretta eit marknadsføringsprosjekt som kan støtta lokal industri og folk i kommunen til å nå ett større økonomisk potensial.
- Oppretta ein plan som inkluderar alle bygdene og småsamfunn når med omsyn til fordeling og plassering av ressursar og utvikling.

B – Offentleg sektor

- Fasa ut og avvikla eigedomsskatten.
- Jobba for å etablera yrkesretta/vidaregåande studietilbod.
- Redusera skatte- og avgiftsbyrder for innbyggerane ved forsvarlig handsaming og kontroll av budsjett og anbudsprosessar.
- Gjennomgang og reduksjon av kommunale avgifter. Månadlege avdrag på kommunale avgifter.
- Jobba for ein reduksjon av byggesaksgebyr. Byggesaksgebyr skal gå i balanse/sjølvkost.
- Forenkla byråkratiet. Kommunen bør leiga og ikkje eiga. Styrka vedlikehald av kommunale bygg og eigedommar.
- Sikra framtidsrettet og praktisk innhald i skulane. Prioritera utbygging og vedlikehald.

- Sikre at skulane etablerar tett samarbeid med næring, slik at arbeidslivsfaget blir spennande for ungdommen.
- Omdisponering av kommunale ressursar, stoppa kommunal sløsing.

C – Velferd, Helse og Omsorg

- Utvikla og bygga omsorgsbustader, bufellesskap og sjukeheim. Eldreomsorg og pleie skal bli administrert på eit fylkeskommunalt nivå med ein statlig kontroll.
- Skapa ein trygg og god læringsplass for borna våre. Barne- og ungdomsskule skal ha tilgang på gode verktoy som stimulerar utvikling.
- Halda på småskulane og vurder kva ein kan bidra med for å gjera dei betre og sørga for at dei får ei rettferdig handsaming til liks med dei større skulane.
- Gi alle barn og unge høve til lik deltaking i fritidsaktivitetar. Herunder også andre aktivitetar enn idrett
- Styrka løn i omsorgsyрке, undersøka om det er mogleg å kvalitetssikra søknadsprosessar.
- Brukarar av rus-psykiske helsetenester og heimetjenester skal kunna velge fritt mellom kommunale og private aktørar, og kommunale midlar skal følgja brukaren.
- God fagleg oppfølging av psykisk utviklingshemma.
- Vurdera om ubrukte bygg kan omdisponerast til ønskelege aktivitetar.
- Etterstreba eit variert tilbod, slik at ein kan ha sitt livsløp i lokalmiljøet saman med familie og folk ein kjenner.

D – Sivilt Samfunn

- Sørga for god integrering av flyktningar/asylsøkarar. *(notat: Sjå til land som har organisert betre arbeidsintegrering. Disse landa har betre statistikk på suksessfull integrering enn land som er mindre opptatt av arbeidsintegrering.)*
- Revidera lokal beredskapsplan ut fra nåværande behov, basert på nasjonal og internasjonale sikringstiltak.

E – Nasjonal Politikk

Les det nasjonale partiprogrammet på inpartiet.no

Vi treng deg som evner å tenka sunn fornuft. Kontakt oss på post@inpartiet.no

Vi er korkje Høyre eller Venstre.

Vi er der for alle og for å skapa ei trygg og god framtid for alle.